

AGATUNET VENELAG

ÅRSMELDING, ÅRET 2013

Årsmøte vart helde i Ådnessstova 22. februar 2013 med 18 frammøtte medlemer. Etter møtet var det kveldssete med servering.

Styret har i meldingsåret vore:

| | | |
|--|--------|-------------------------------|
| Guttorm A. Rogdaberg, leiar | (2012) | ikkje på val (årleg leiarval) |
| Synneva Haustveit | (2011) | ikkje på val |
| Torbjørg Velure | (2012) | på val i år |
| Sjur K. Jaastad | (2011) | på val i år |
| Dagleg leiar ved Agatunet har møte og talerett til styret. | | |

| | | |
|-----------|------------------------|------------------|
| Varafolk: | 1 Jan Audun Kråkevik | vald for eitt år |
| | 2 Synneva Sæbø | vald for eitt år |
| | 3 Jørund Olav Grønsnes | vald for eitt år |

| | | |
|----------|-------------------|--------|
| Valnemd: | Astrid Grønsnes | på val |
| | Jan Gunnar Strand | |
| | Steinar Nilsen | |

Val av medlemer til Stiftelsen Agatunet:

| | | |
|------------------------------------|------------------|-----------------------|
| Guttorm A. Rogdaberg, leiar | (2013) | |
| Synneva Haustveit | (2012) | på val |
| andre: | Olaug Askeland | Ullensvang herad |
| | Torunn J. Rosnes | Fortidsminneforeninga |
| Dagleg leiar har møte og talerett. | | |

| | | |
|----------|---------------|--------|
| Revisor: | Lars O. Bleie | på val |
|----------|---------------|--------|

Æresmedlem: Harald Aga, utnemd 2013

Laget har 126 medlemer. Årspengane har vore kr 100,- for enkeltmedlemer. Det har vore helde 4 styremøte og handsama 16 saker. Ellers har styrekontakt gått over mail og telefon.

Den store saka for venelaget vart å gå inn i drifta for Agatunet for å hindra redusert opningstid. Medlemer stilte opp og tok 22 vakter. Den store innsatsen gjekk sjølv sagt ut over andre arbeidsoppgåver, men det vart likevel gjennomført tre dognader, (to før sesongopning og ein før lødefesten) der det vart rydda og vaska og måla ute møblar. Kunstgruppa arrangerte to utstillingar, ein ordinær kunstutstilling og ein ungdomsutstilling.

Medlemer av laget stilte opp ved innspeling av Lajla Buer Storli si CD innspeling i Lagmannsstova og ved opphalda til Bergen Arkitektskule, Hardanger folkehøgskule

og Oslo arkitekt og designskule. Også ved andre tilstellingar og omvisingar har medlemene gjort ein solid innsats.

Styret har registrert 526 timer dognadsarbeid.

Frå saklista kan nemnast Hardanger 2014 og Grunnlovsjubileet. Hardanger har valt ei desentralisert markering der kvar kommune skal stå for sitt arrangement. Eit bautaprosjekt er difor vanskeleg å få gjennomført. Planane har vore spela inn til Hardangerrådet og for prosjektleiarene for det desentraliserte opplegget for Hardanger 2014.

Laget sto for arrangementet «I ljoset frå ald og llore» med Ole Didrik Lærum, Lajla Kolve og Reidum Horvei, som samla fullt hus i ei mørklagd Lagmannsstova.

I august skipa laget til løedans i Asbjønsløa med gruppa «Polka m støyta» og med Bodil Nordjore som kåserihaldar. Festen var godt besøkt og gjekk i overskot trass i regnver og stengde vegar.

På denne festen vart Harald Aga, på grunn av den store innsatsen for tunet gjennom mange år, med økonomisk støtte og med gjenstandar, utnemnd til æresmedlem i laget. Laget har skaffa Agatunet piano.

Leiaren var med på oppstartsmøte for å skipa venelag for Hesthamar skrivargard der han fortalte om røynslene frå Agatunet.

REKNESKAP 2013

På konto står pr 31.12. 2013: kr 66835,-

Av dette er kr 10218,- knytt til arkivprosjektet.

Styret, 19. februar 2014

Guttorm A. Rogdaberg Torbjørg Velure Synneva Haustveit Sjur K.Jaastad
leiar

ARBEIDSPLAN 2014

| | |
|----------------------------|--|
| 7. mars: | Årsmøte m kveldssete |
| Sesongen: | Laget tek på seg vakter slik som i 2013 |
| 25. april fred. kl 15-18: | Vaske og ryddedugnad |
| 26. april laurd. kl 15-19: | Vaske og ryddedugnad m kveldssete |
| 10. mai: | Sesongopning. Utstillingsopning av Kunstudstillinga og utstillinga «Grunnlova og Hardanger, 1814-2014» |
| 12. mai: | Opplæring for sommarsesongen (for dei som tek på seg vakter) |
| 14. mai: | Opning av ungdomsutstilling i Asbjønsløo |
| 9. august: | Løefest med program og moro |
| 19. oktober: | Museumslagtur |